

Vår ref.: 2012001174-3/2015006450 Arkiv: Dato: 15.06.2015

SAMARBEIDSAVTALE MELLOM SVEIO KOMMUNE OG SVEIO IDRETTSRÅD

Idrettsrådet si formelle status i forhold til kommunen.

1. Idrettsrådet er eit samordningsorgan for idretten i Sveio kommune, valt av og blant idrettslaga i kommunen. Idrettsrådet er eit organ for den frivillige idrettsbevegelsen knytt til Norges idrettsforbund og olympisk komité og skal arbeide ihht de gjeldande lover og regler som er vedtatt i idrettstinget. Idrettsrådet representerer alle lag i Sveio som er tilslutta NIF.
2. Idrettsrådet fungerer som eit rådgivande organ i forhold til kommunale saker som vedrører idretten i kommunen.
3. Idrettsrådet skal sjå heilheten i idrettslivet i kommunen og informere kommunen om sine synspunkt.
4. Ved utbygging og rehabilitering av idrettsanlegg skal idrettsrådet bli tatt med på råd, og bli representert i eventuell byggekomité.
5. Idrettsrådet skal rutinemessig få tilsendt saker som omhandlar utbygging av bustadområder/ endra disposisjon av areal, til høyring.

Faste årlege rutinar for kommune og idrettsråd

1. Idrettsrådet skal vurdere søknader om anlegg/nybygg frå idrettslaga og foreta prioriteringar av ulike typar anlegg, som innspel til kommunen sin handlingsplan for idrettsanlegg.
2. Idrettsrådet er høyringsinstans når kommunen behandlar kommunale tilskott til idretten. Idrettsrådet skal gå gjennom søknadene og forslag til utbetaling. Eventuelle forslag til endringar skal returnerast til kommunen, som etter dette saksbehandlar og står for utbetaling direkte til idrettslaga.
3. Idrettsrådet skal ha uttalerett ved tildeling av spelemidlar. Kommunen skal setje opp sine forslag i prioritert rekkefølge og sende desse over til idrettsrådet saman med ei forklaring for prioriteringane. Idrettsrådet kan komme med sitt innspel og gje forklaring for eventuelle endringar.

Samarbeid mellom kulturkontoret og idrettsrådet

1. Kulturkontoret har ståande invitasjon til idrettsrådet sine møter og representant frå kulturkontoret deltek på minst 2 av idrettsrådet sine møter i løpet av eit år. Idrettsrådet blir orientert når saker av interesse for idretten i Sveio, blir behandla i formannskapet eller kommunestyret.

Samarbeid mellom politisk leiing og idrettsrådet

1. Minst 1 gong pr år skal idrettsrådet, ordførar, hovudutvalsleiar skule/barnehage og kultur og leiar for kulturavdelinga møtast for å drøfte forhold for idrett i kommunen. I slike møter kan også ein representant frå Hordaland idrettskrets inviterast. Det er kommunen som skal kalla inn til desse møta, som normalt skal haldast tidleg på våren.

2. Idrettsrådet kan be om å få møte hovudutval oppvekst og kultur og hovudutval teknisk næring.
3. Når organisasjonar som ikkje høyrer inn under idrettsrådet søker støtte frå kommunen, skal søknader sendast til kulturkontoret.
4. Søknader frå lag og foreiningar tilknytt idrettsrådet, som fell utanfor gjeldande tilskottsordningar, sendast idrettsrådet for uttale.

Endringar

1. Begge partar, Sveio kommune og Sveio idrettsråd, kan be om revisjon/si opp samarbeidsrutine med umiddelbar verknad.

Sveio 5.1.2015

.....
Sveio kommune
Ordfører

et Bjørkøy
.....
Sveio kommune
Rådmann

Belinda Teikan
Sveio idrettsråd